



Turistsesongen er ikkje over og Sandakaien er ein god fiskeplass.

Det er to konklusjonar vi kan trekkja etter å ha vore i selskap med pensjonist Adrian van Hils frå Breda i Nederland i 10 minuttar. På denne tida håva han inn rundt rekna 10 fiskar som han straks sette ut att.

- Greitt å fiska litt når kona shoppar, tykte Adrian og tredde nye makrellbitar på krokane. Slik agn nyttar dei for det meste også i heimlandet hans, fortalte han og undra seg over kva slags fisk han akkkkurat då fekk opp frå fjorden.

Dei fleste fiskane han fekk var kva han kalla baars, som påcnorsk blir kalla berggyllt, men denne såg ut som han var dekt med gull og Adrian kalla han norsk gullfisk før han let han gå ut att.

Paret bur på campingplassen på Husnes men ser seg om i distriktet. Dei kom hit 26. juli og drar att 18. august. Triveleg land, tykkjer Adrian som priser dei mange like orda i språka våre. Til dømes heiter makrell makrell også på hollandsk.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen